


# NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel:	Frå kvalitets reform til studiereform og utdanningsreform - Nemningar og nemningsendring knytt til kvalitetsreforma	
Forfatter:	Gunnstein Akselberg	
Kilde:	Nordiske Studiar i Leksikografi 7, 2005, s. 1-15 Rapport frå Konferanse om leksikografi i Norden, Volda 20.-24. maj 2003	
URL:	<a href="http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive">http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive</a>	

© Nordisk forening for leksikografi

## Betingelser for bruk af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Gunnstein Akselberg

# Frå kvalitetsreform til studiereform og utdanningsreform

## Nemningar og nemningsendring knytt til kvalitetsreforma

The author studies terms and novel usage terms relating to the evolution and implementation of the «kvalitetsreform» (i.e. the quality reform) of Norwegian universities and university colleges. The study is based on Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001) and other official documents issued by the Ministry of Education and the Faculty of Arts at the University of Bergen.

Term usage and terminological innovations in these documents are studied in a communicative perspective, focusing on the transition domain between common language and more technical language. The terms used reflect not only the ideology behind the reform, but also purely technical aspects of its practical implementation. The terms tied to the ideology behind the reform often have a strong polysemic character, whereas the technical terms often have a more precise, though context sensitive, semantic denotation. Because of their strong polysemic content, there is a considerable controversy on the proper usage of these terms, which are often used for purely rhetorical purposes.

## 1 Utvikling og implementering av kvalitetsreforma versus utvikling og implementering av reformnemningar

I denne artikkelen studerer eg nemningar som er knytte til gjennomføringa av den nye kvalitetsreforma ved dei norske universiteta og høgskulane (nærare omtale s. 6 ff.). Eg viser døme på bruk av nemningar og endring av nemningar som finn stad når det vert utarbeidd og gjennomført ei stort opplagd reform innom den høgare utdanninga. Nemningane knyter eg til grad av semantisk presisering, av di ho er viktig for den måten kvalitetsreforma vert motteken og implementert på.

### 1.1 Nemningsutvikling<sup>1</sup> – ein implisitt del av kvalitetsreforma

Nemningane som er knytte til kvalitetsreforma, fungerer både som ein reiskap til å setja reforma ut i praksis (*funksjonsaspektet*), samstundes som dei representerer den filosofien og dei verdiane som ligg bak reforma (*ideologiaspektet*).

Den nye reforma var i haustsemesteret 2003 formelt innført ved dei norske universiteta og høgskulane, og sjølv om mykje arbeid er lagt ned i gjennomføringa til no, er det likevel ein del som ikkje er heilt på plass enno. Det er ein lengre prosess som skal til før alt er gjennomført, og truleg vil kvalitetsreforma heile tida måtta vera ein prosess, av di det vil føregå ei kontinuerleg utvikling og endring både av ideologien bak og den praktiske gjennomføringa av reforma.

Kvalitetsreforma får mange konsekvensar, ikkje minst for undervisning, forskning og evaluering. Dei mest sentrale endringane for vitenskapleg tilsette, stipendiatar og studentar ved

universitet og høyskular er desse: 1) ny studieordning, 2) ny gradsstruktur, 3) nytt karakter-system, 4) nytt evalueringssystem, 5) nye undervisningsformer og 6) ny organisering av forskarutdanninga.

I ei tid framover vil det føregå prøving og feiling, t.d. med omsyn til utvikling av undervisningsemne, undervisningsformer og evalueringspraksis. Evaluering ved bruk av bokstavkarakterar er det enno stor usemje om, særleg spørsmål som er knytte til karakterskalering (kva for fagleg prestasjonsnivå dei ulike karakterane dekkjer) og til karakterfordeling (korleis normalfordelinga av karakterar skal praktiserast).

## 1.2 Kvalitetsreform, nemningsbruk og kategorisering

Utviklinga av kvalitetsreforma og gjennomføringa av ho er to prosessar som går parallelt med utviklinga av nemningsbruken som er knytt til reforma. Nemningsutviklinga reflekterer både dei mentale og dei praktiske sidene ved reformprosessen. Av di reforma er ei følgje av ein ny utdanningsfilosofi og krev nye undervisningsformer, trengst nemningar som dekkjer både idégrunnlaget og den praktiske gjennomføringa. Nemningar verkar i neste omgang inn på vår kategorisering av kunnskap om og oppleving av reforma.

Utviklinga av nemningar verkar inn på korleis vi systematiserer informasjon og stimuli av alle slag, og generelt er slike systematiseringar heilt avgjerande for at mennesket skal kunna fungera sosialt og kulturelt. Mennesket systematiserer medvite, umedvite og endåtil undermedvite i alle situasjonar. Kategorisering er ein av dei mest basale kognitive prosessane hjå mennesket som styrer måten vi erkjenner og forstår verda på. Det biletet vi har av verda, vert styrt av kategoriseringsprinsippa og kategoriseringssystema våre (jf. Akselberg 2002).

Klassifikasjon medfører alltid utveljing, fordi medvitet og undermedvitet vårt ville slutta å fungera dersom vi måtte gje merksemd til kvart enkelt av dei millionane av stimuli som konstant bombarderer dei reseptive organa våre. Som mottakarar prøver vi kontinuerleg å kategorisera budskapet til avsendaren. Livet er dessutan fullt av avgjerdsler og val, og kvart val medfører at ein gjer eit *utval* frå ei stor mengd av varierende og konkurrerende alternativ. Dei vala ein gjer, vert styrte av kategoristrukturane som finst og det 'tilbodet' av medvitne og umedvitne konkurrerende alternativ som er tilgjengelege. Utviklinga av nemningar i samband med kvalitetsreforma representerer slike val, medvitne eller umedvitne, frå avsendaren si side.

Nemningar er dessutan viktige element i all språkleg *kommunikasjon* på grunn av den funksjonen, det semantiske innhaldet og den forma som dei har. Vidare inneber nemningar ein viktig *sosial kontrakt* mellom språkbrukarane gjennom nemningsbruken, nemningsinnhaldet, nemningsfunksjonen og nemningsforma – dersom dei vert aksepterte av både sendar og mottakar.

Eg plasserer såleis granskninga av nemningsutviklinga som er knytt til kvalitetsreforma i skjeringspunktet mellom pragmatikken, semantikken og retorikken.

## 1.3 Kvalitetsreforma og nemningsutviklinga i eit kommunikasjons-perspektiv

Eg ser i denne artikkelen på utviklinga og implementeringa av kvalitetsreforma i eit *kommunikasjonsperspektiv* der avsendarane er politikarar, Stortinget, Regjeringa og dels universitets- og fakultetsleiinga, og der institutta, fagmiljøa med studentar, dei einskilde lærarane og dei vitenskapleg tilsette er mottakarane. I eit større perspektiv er også utdanningssektoren spesielt og




Fig. 1. Nemningsutviklinga (representert ved den doble lina) som er knytt til kvalitetsreforma sett i eit kommunikasjonsperspektiv.

samfunnet generelt mottakarar. I denne kommunikasjonen spelar nemningar knytte til kvalitetsreforma ei viktig rolle for formidlinga av ho. Eg legg mest vekt på *avsendarperspektivet*, men eg kjem også inn på mottakarperspektivet, særleg mot slutten av artikkelen.

#### 1.4 Nemningsutviklinga sett i eit grenseområdeperspektiv

Ei fylgje av nemningsutviklinga som er knytt til reforma er a) at vi får *nye nemningar for nye omgrep*, b) at tradisjonelle nemningar vert tilordna *nye omgrep*, c) at tradisjonelle nemningar vert nytta i *nye kontekstar*, og at tradisjonelle omgrep får nye nemningar, d) tradisjonelle omgrep får *nye nemningar*.

Ved å studera nemningsutviklinga som er knytt til kvalitetsreforma som ein terminologisk prosess, sett i grenseområdet mellom allmennspråket og fagspråket, vil ein kunna fanga inn sentrale sider ved implementeringa og formidlinga av kvalitetsreforma.

Nemningsutviklinga som er knytt til reforma er svært interessant i eit kommunikasjonsperspektiv. Vi er no inne i ein prosess som går relativt fort og som vil få store konsekvensar for høgare undervisning og forskning i lang tid framover. Ved å studera bruken av nemningar som ein terminologisk nemningsprosess vil vi kunna fanga opp nokre sentrale særtekk ved omgrepsutviklinga som er knytte til denne prosessen. Slik kan vi få fram både nokre sentrale *mønster* i nemningsprosessen og peika på nokre sentrale *drivkrefter* i han. Artikkelen fokuserer såleis på allmenne teoretiske *grunnforsningsperspektiv* knytte til nemningsutviklinga, og på den *pragmatiske* og *praktiske* sida ved nemningsutviklinga.

Gjennomføringa av kvalitetsreforma er eit godt døme på korleis sentrale prinsipp innom terminologien verkar i eit konkret tilfelle.

#### 1.5 Det terminologiske aspektet

I arbeidet med å utvikla nye former for undervisning og forskning er ein på leit etter funksjonelle og dekkjande nemningar for dei nye tilhøva. Dette er *det terminologiske aspektet* ved den nye omgrepsverda som er knytt til kvalitetsreforma. *Nordisk leksikografisk ordbok* (NLO) (Bergenholtz m.fl. 1997) definerer terminologi som

[...] læren om fagtermer og fagspråklige begreper og relasjonene mellom disse. Det sentrale i terminologien er begrepet. Terminologens arbeidsmåte er derfor hovedsaklig onomasiologisk. [...] Terminologiens fremste formål er å oppnå entydig fagspråklig terminologi (253).

Det eg kallar *det terminologiske aspektet* dekkjer mykje av arbeidet med å oppnå eintydig terminologi, men av di avsendarane bak kvalitetsreforma ikkje er fagterminologar, arbeider dei ikkje så målmedvite og eksplisitt som ein terminolog ville ha gjort, og difor er ikkje dette eit fagterminologisk arbeid.<sup>2</sup> Vi kan seia at avsendarane i reformprosessen langt på veg arbeider med fagspråkleg terminologi, men berre i dei færraste tilfella kan vi seia at dei utfører eit eintydig fagspråkleg terminologisk arbeid. Av di nemningsutviklinga som er knytt til reforma er styrt av pragmatiske interesser, kallar eg det eit *terminologisk aspekt* ved nemningsutviklinga.

*Det terminologiske aspektet* ved nemningsutviklinga som er knytt til reforma, omfattar arbeidet med å gje innarbeidde nemningar i det norske språket nytt innhald, eller rettare sagt å gjeva slike nemningar ei klårare presisering og praktisk avgrensing enn den allmenne (ordboks)tydinga gjev. Å gjeva allmenne nemningar ei nærare presisering, er karakteristisk for nemningsutviklinga knytt til kvalitetsreforma.

## 2 Avvikling av eit gammalt regime og innføring av eit nytt

Avvikling av gamle regime av dei fleste slag, til liks med innføring av nye, skaper normalt reaksjonar, positive eller negative, hjå *mottakarane* – anten av di 1) mottakarane misser noko dei synest godt om, eller av di dei vert kvitt noko dei synest mindre godt om, eller av di 2) mottakarane vert utsette for nye regime dei synest mindre godt om eller av di dei får nye regime dei synest godt om.

På *avsendarsida* vert også avvikling av gamle regime og innføring av nye vurderte både positivt og negativt, men utetter framstiller som regel avsendaren slike nyordningar som positive og at dei er mest til bate for mottakarane.

I 2003 vart den nye *Kvalitetsreforma av høgare utdanning* innført ved universita og høgskulane i landet. Reforma har grunnlag i *Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001) Gjør din plikt – Krev din rett. Kvalitetsreform av høyere utdanning. Tilråding fra Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet av 9. mars 2001, godkjent i statsråd samme dag*. Bakgrunnen for *Stortingsmelding nr. 27* var arbeidet til *Aamodt-utvalet*, som vart oppnemnt 18. september 1998, og *Mjøs-utvalet*, som vart oppnemnt 30. april 1999.

Aamodt-utvalet skulle vurdere utdanningsstøtta i ljøs av dei behova og utfordringane som støttesystemet er stilt i høve til, medan Mjøs-utvalet skulle greia ut om høgare utdanning etter år 2000. Mandatet til Mjøs-utvalet bad vidare om ei brei drøfting av utfordringane som den høgare utdanninga ville få i åra framover.

*Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001)* byggjer på både Aamodt-utvalets og Mjøs-utvalets innstillingar, og fokuserer på det moderne samfunnet som *kunnskapssamfunn*, der utdanningsinstitusjonane skal tena ei rekkje føremål.

For betre å forstå nemningsbruken som er knytt til kvalitetsreforma, er det naudsynt å sjå på det ideologiske grunnlaget for og målet med reforma, slik dette vert uttrykt i *Stortingsmelding nr. 27* (sjå kap. 3 nedanfor). Dessutan er det viktig å sjå nemningsutviklinga i ljøs av dei verkemidla *Stortingsmelding nr. 27* skisserer (sjå kap. 4 nedanfor).




Fig. 2. Nemningsutviklinga (representert ved den doble pila) som er knytt til kvalitetsreforma sett i grenseområdet mellom allmennspråket og fagspråket.

### 3 Kvalitetsreforma av 2001 – ideologisk grunnlag og mål

Den ideologiske bakgrunnen for reforma – sett frå avsendaren si side – vert uttrykt i ein eksplisitt formulert *kunnskapspolitikk*, kalla FRISK kunnskapspolitikk, og ein eksplisitt formulert *kunnskapsøkonomi*.

#### 3.1 FRISK kunnskapspolitikk

Kvalitetsreforma for høgare utdanning markerer ei viktig endring innom den norske utdanningssektoren. Det gamle og velkjende utdanningsregimet for høgare utdanning vert no gradvis avvikla til fordel for eit nytt og enno eit langt på veg ukjent. Det nye systemet byggjer på fem kjerneomgrep som skal kjenneteikna det nye kunnskapssamfunnet vårt og som er representert ved namningane *fleksibilitet*, *rettferd*, *intensivitet*, *skaparkraft* og *kvalitet*. Initialane i desse orda dannar akronymet FRISK, og difor opererer *Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001)* med nemninga ein *FRISK kunnskapspolitikk*. Denne politikken er samla om innhaldet i dei fem prinsippa som nemningane representerer (presentasjonen nedanfor er mitt samandrag den framstillinga som finst i nettversjonen av stortingsmeldinga):

- *Fleksibilitet*: Institusjonane må vera fleksible i høve til dei behova som samfunnet har for utdanning og forskning. Dette medfører at utdanningsinstitusjonane må vera innstilte på omstilling av dei utdanningstilboda som finst og den forskingspraksisen institusjonen har.

- *Rettferd*: Alle skal ha lik rett til utdanning, og eit slikt prinsipp skal både skapa likestilling og vera med på å motarbeida sosiale ulikskapar. I dette arbeidet er god studiefinansiering eit vilkår. Ei god studiefinansiering skal sikra at alle har høve til å ta til med eit høgare utdanningsløp. Studiekompetanse frå vidaregåande opplæring skal framleis vera hovudvegen til høgare utdanning, men opptak på grunnlag av realkompetanse skal gje fleire høve til å ta til med slik utdanning.
- *Innsikt*: Den beste læringa finn stad når studenten er intenst til stades med heile skaparkrafta. Institusjonane har eit ansvar for at studenten skal lukkast i læringskarrieren. Utdanning på høgare nivå krev fordjuping, mogning, prøvingar, utfordringar og sjølvstende. Utdanningsinstitusjonane skal utnytta ressursane betre og bli meir effektive, det skal verta meir effektiv utnytting av studieåret og studentane skal fylgjast tettare opp.
- *Skaparkraft*: Høgare utdanning må stendig fornyast, m.a. ved hjelp av ny teknologi. Når vi opnar høgare utdanning for nye grupper, må ein også tilby eit større mangfald på ulike felt. Folk skal gå ut og inn av utdanning heile livet, ikkje berre som ung elev og student, og difor må det finnast eit mangfald av undervisningsmetodar, læringsplanar og ulike studieløp. God forskning krev kreative vitskaplege tilsette, kreative studentar og nyskapande miljø. Å vera skapande handlar om å bryta opp det tilstivna og tilvande, og om å kunna møta det uventa.
- *Kvalitet*: Kvalitet skal vera det overordna kjenneteiknet ved kunnskapssystemet. Vi skal setja krav til både forskinga, undervisninga og oppfølginga av studentane, og vi skal setja krav til studentane sitt eige arbeid. Dei siste tiåra har det vore ei stor kvantitativ auking i utdanninga; no er tida komen til eit tilsvarande kvalitetsløft. Stikkord i denne samanhengen er m.a. *kvalitetsutvikling*, *kvalitetssikring*, *kvalitetsarbeid* og *kvalitetsheving*.

### 3.2 Kunnskapsøkonomi

I *Stortingsmelding nr. 27 (2001–2001)* vert *utdanningskapital* definert som ein av dei mest sentrale ressursane i samfunnet, og difor må flest mogleg få del i den: Endring i næringsliv og produksjon har sett utdanningspolitikken høgt på den politiske dagsorden i mange land. Nemningar som *kunnskapssamfunn* og *kunnskapsøkonomi* illustrerer den dominerande betydninga kunnskapar og utdanning har for verdiskapinga i samfunnet. Statistisk sentralbyrå har rekna ut at 3/4 av nasjonalformuen i Noreg er den menneskelege kapitalen.

I ein økonomi som er prega av rask teknologisk utvikling, hardare konkurranse, rask informasjonsflyt og større mobilitet av kapital, varer og tenester, vil dei tradisjonelle faktorene som kapital, naturressursar og billig arbeidskraft bety mindre. Kunnskap, kreativitet og kompetanse vert billigare. Kunnskap blir den sentrale ressursen, og læring den fundamentale prosessen. Like viktig som mengda av kunnskap er, er evna til å utnytta kunnskapen. Det vil seia at det må finnast mekanismar for å spreia kunnskapane til relevante område, og til å ta han i bruk i verdiskapinga. Dette vil vera avgjerande for konkurranseevna i ein internasjonal økonomi. I eit slikt perspektiv held det ikkje med ein liten velutdanna elite som kan forvalta kunnskapen for oss alle. Når kunnskapsinnhaldet på alle samfunnsområda vert auka og endra, må heile folket delta i kunnskapssamfunnet. – Utdanning er det mest sentrale velferdsgodet for den einskilde, samstundes som det også er sjølv fundamentet for velstanden vår og evna vår til å løysa felles oppgåver.

Universiteta og høgskulane kan ikkje berre vera institusjonar som skapar kunnskap isolert frå samfunnet elles og arbeidslivet, og som utdannar unge menneske ein gong for alle.




Fig. 3. Drivkreftene bak kvalitetsreforma. Etter *Stortingsmelding nr. 27* (2000–2001).

Institusjonane må vidareutvikla samspelet med private og offentlege verksemder med sikte på å omdanna forskingsresultat til verdiskaping.

Viktige samfunnsendringar og endringar i forventningane frå studentar og frå samfunns- og arbeidsliv utfordrar institusjonane og den etablerte politikken for høgare utdanning og forskning. Institusjonane verkar nært saman med samfunns- og arbeidsliv, og dei må fylla rolla si som spydspissar i kompetansesamfunnet. I fig. 3 oppsummerer departementet sentrale tilhøve som påverkar universiteta og høgskulane, og omgjevnadene sine krav og forventingar til dei. Desse tilhøva kallar *Stortingsmelding nr. 27* (2000–2001) for drivkreftene bak reforma.

*Stortingsmelding nr. 27* (2000–2001) fokuserer på tilhøve i Noreg i dag som t.d. allmenne prosessar i samfunnet (m.a. sterke demografiske endringar og aldrende arbeidsstyrke, globalisering og internasjonalisering) og særlege tilhøve (m.a. fundamentale teknologiske endringar). Derimot vert det ikkje vist til bakanforliggjande kulturpolitiske vedtak, styringsordningar og ideologisk-politisk tenking innom EU-Europa som t.d. kjem til uttrykk gjennom den såkalla *Bologna-prosessen* (m.a. representert ved *Felleserklæringa* frå Bologna av 19. juni 1999 og *Kommunikéet* i Praha av 18. juni 2001). For mange vil nok dette vera den viktigaste årsaka til og drivkrafta bak kvalitetsreforma i Noreg.






Fig. 4. Verkemiddel for kvalitetsreforma. Etter *Stortingsmelding nr. 27* (2000-2001).

#### 4 Kvalitetsreforma av 2001 – verkemiddel

I *Stortingsmelding nr. 27* (2000–2001) vert det lagt vekt på at vi må ta vare på og vidareutvikla dei miljøa som trengst for å utvikla kompetansesamfunnet. Universitetet og høgskulane må vera spydspissar i ein slik prosess. Dei må vera internasjonalt leiande og fylla rolla si i kompetansesamfunnet når det gjeld kvalitet og tilrettelegging for deltaking i utdanning. Nye utfordringar, nye forventningar og nye tilhøve for institusjonane gjer at vi må sjå kritisk på innhaldet i undervisninga. Det må utviklast strukturtiltak som kan auka evna og viljen til omstilling. Dessutan skal det innførast meir effektive læringsløp og meir effektive kunnskapsoverføringar frå universiteta og høgskulane til arbeidsliv og samfunnsliv. Illustrasjonen ovanfor viser dei verkemidla (dvs. dei politiske og sentrale tiltaka) som regjeringa legg fram i *Stortingsmelding nr. 27*, og som skal nyttast i dette arbeidet.

#### 5 Nemningar knytte til kvalitetsreforma

Nemningar som finst i *Stortingsmelding nr. 27* (2000–2001) kan vi gruppera i to deilder. Den eine omfattar dei nemningane som har eit allment og lite presist semantisk innhald. Den andre omfattar nemningar av fagteknisk karakter og som har eit meir presist semantisk innhald.

Term	Forklaring/Definisjon
studiepoeng	Mål på arbeidsomfang i studiet: 60 studiepoeng tilsvarer ett års studium på full tid.
emne	Den minste enheten som kan inngå i et fag eller et studieprogram. Alle emner skal ha et omfang målt i studiepoeng.
emnegruppe/-fagenhet	Samling av emner fra ett eller flere fag som gjennom en studieplan er definert til å utgjøre en samlet enhet.
fag	Samling av emner som er beslektet og som er samlet under én felles fagbetegnelse.
faglig spesialisering	Gruppe av emner ut over grunnivået i et fagområde som hører faglig sammen og som kan utfylle hverandre.
studieplan	En beskrivelse av fag og studieprogram, som gjør greie for hvordan emnene er bygd opp, og hvordan emnene faglig hører sammen.
grad	Utdanning med et bestemt omfang og en bestemt sammensetning, og som gir rett til å bruke en bestemt tittel. Tittelen dokumenteres i et vitnemål.
tilrettelagt studieprogram	Et studieprogram som leder fram til en grad og har en egen og samlet studieplan.
fritt studieprogram	Et studieprogram som leder fram til en grad med stor valgfrihet basert på en individuell sammensetning av emner, fagenheter og/eller deler av studieprogram.
eksamen/vurdering	Formell prøving av studentenes kunnskaper og ferdigheter, enten underveis og/eller ved slutten av studiet i et emne.
student	Den som har studierett ved institusjonen i samsvar med "Reglement om opptak, studier og eksamen ved Universitetet i Bergen"

Fig. 5. Definisjonar frå *Reglement for gradsstudier ved Universitetet i Bergen* (2003), § 2.

### 5.1 Allmenne nemningar som er semantisk lite presise

I denne artikkelen har eg alt nytta mange av dei nemningane som er knytte til den fyrste deilda, som t.d. *fleksibilitet*, *rettferd*, *intensitet*, *skaparkraft*, *kvalitet*, *kunnskapssystem*, *kvalitetsløft*, *kvalitetsutvikling*, *kvalitetssikring*, *kvalitetsarbeid*, *kvalitetsheving*, *kunnskapssamfunn*, *kunnskapsøkonomi*, *spydspissar*, *kompetanse-samfunn*, *omstilling* og *kunnskapsoverføring*. Det er sjølvst sagt vanskeleg å skilja klart mellom kva for nemningar som høyrer til den fyrste og den andre deilda, men eksempla som er presenterte ovanfor, representerer nemningar som kan ha eit svært lite presist semantisk innhald. Desse nemningane er helst nytta i dei delane av *Stortingsmelding nr. 27* (2000–2001) som gjeld den allmenne ideologiske framstillinga, og vi finn dei m.a. i satellittane i skissene som illustrerer drivkreftene bak og verkemidla for reforma (fig. 3 og 4). Det er slike nemningar som har fått mange av mottakarane til å karakterisera reforma som å vera full av retoriske verkemiddel, og til å harselera med at ho t.d. er ei 'kvantitetsreform' og 'kunnskapsøydande reform'. På grunn av at slike nemningar ofte er semantisk upresise, kan dei lett kan gjeva rom for tolkingar av denne typen.

## 5.2 Fagtekniske nemningar som er semantiske meir presise

Nemningar som høyrer til andre deilda, har i dei fleste tilfella knytte til den tekniske og praktiske gjennomføringa av reforma enn nemningar som høyrer til den fyrste deilda. *Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001)* introduserer fleire nemningar av denne typen som går att i mange av dei seinare dokumenta som gjeld arbeidet med gjennomføringa av kvalitetsreforma, som t.d. *Forskrift om grader og yrkesutdanningar, beskyttet tittel og normert studietid ved private høgskoler (2002)*, *Forskrift om krav til mastergrad (2002)* og *Reglement for gradene bachelor og master ved Universitetet i Bergen vedtatt av Det akademiske kollegium 25.04.2002 (2002)*. I *Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001)* er det få av nemningane som er knytte til reforma som vert klart definerte. Dei fleste nemningane vert ikkje definerte i det heile, men ut frå konteksten kan ein prøva å slutta seg til kva som må vera det presise innhaldet, og ofte kan ein lukkast i det. Dei eksplisitte nemningsforklaringane er oftast manglande, ufullstendige eller berre tentative, dvs. at dei er dårleg terminologisk bearbeidde. Brukarane har derimot behov for semantisk presise nemningar.

Mange av dei nemningane som høyrer til denne deilda er etter kvart blitt heller vanlege i det akademiske kvardagspråket, og påverkar oppfatninga vår av reforma. Nokre eksempel på slike nemningar er:

- modul
- kvalitetsreform
- modularisering
- forskarskule
- studieløp
- mappeevaluering
- program
- mastergrad
- studieprogram
- bachelorgrad
- bachelorprogram
- ph.d.-grad
- masterprogram
- studiepoeng
- ph.d.-program

Etter kvart har det utvikla seg ei meir eller mindre intersubjektiv forståing av kva som er det presise semantiske innhaldet i desse nemningane, men framleis er det likevel uklåre og divergerande oppfatningar om kva som er det presise semantiske innhaldet. For å avhjelpa noko av problemet med det polysemiske innhaldet i nemningane, er det i *Reglement for gradsstudier ved Universitetet i Bergen (2003)*, § 2, utarbeidd ei svært kort liste over nokre av desse nemningane med forklaring. Sjå fig. 5 ovanfor.

I lista ovanfor har særleg nemningane *emne*, *fag*, *grad* og *student* eit sterkt polysemisk innhald som treng ei semantisk presisering ved bruk i ein kvalitetsreformkontekst. Lista har ein lite presis fagspråkleg karakter, og det ville vera problematisk å ha orda med ei fagordbok (jfr. Svensén 1987:19).

## 6 Endring av kvalitetsreformnemningar

Den stutte tida reforma har vore under utvikling og implementering, har vore prega av ein reform-, ein omgreps- og ein nemningsprosess. *Nemningsprosessen* er kjenneteikna ved tre tilhøve: 1) Eldre nemningar har fått ei semantisk presisering, 2) nye nemningar er komne til, og 3) nemningar er *skifta ut* med nye. Det fyrste og det tredje tilhøvet har skapt ein del kommunikasjonsproblem og ført til ei viss nemningsuvisse. Særleg utskifting av nemningar med andre nemningar har skapt praktisk og semantisk uvisse.

Nokre av dei endringane som skapt ein del mistyding ved utskifting, er desse:

evaluering > vurdering

fordjuping > spesialisering

modul > emne

vekttal > studiepoeng

kvalitetsreform > studiereform/utdanningsreform

- *Evaluering* har tradisjonelt vore brukt om omtale av studentane sine sine prestasjonar, munnlege som skriftlege. I *Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001)* kan ein også sjå slik bruk av denne nemninga. Frå no av skal derimot evaluering nyttast om det undervisnings- og forskningssystemet som universiteta og høgskulane tilbyr.
- *Vurdering*: Etter kvart er 'evaluering' skifta ut med 'vurdering' når det gjeld studentprestasjonane. I litteraturen som er knytt til reforma vert 'evaluering' no berre knytt til undervisningssystema og strukturen som er knytt til dei. Vi har såleis fått ei semantisk splitting av to nærsynonyme nemningar.
- *Fordjuping* har ved HF-miljøa lenge vore knytt til den faglege konsentrasjon om eit emne som tidlegare vart lese i ei meir overflatisk form eller oversiktsform. Nemninga fordjuping har også i arbeidet med den nye reforma vore nytta ved HF-fakultetet i Bergen.
- *Spesialisering*: Ved standardisering har nemninga fordjuping vorte skift ut med spesialisering etter påtrykk frå realistane ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet.
- *Modul*: Heilt til ut i vårsemesteret 2003 vart nemninga modul nytta om ei avgrensa fagleg eining som det var knytt eit særleg vektal og eit studieprogram til. Våren 2003 vart denne nemninga skift ut med nemninga *emne*. Eg har ikkje greidd å finna ut kvifor.
- *Vektal* vart tidlegare nytta i samband med «vekting» av ein modul eller eit emne.
- *Studiepoeng* gjeld som eit mål på «vekting» av arbeidsomfang, og nemninga vektal er skifta ut med studiepoeng.
- *Kvalitetsreform* har frå starten representert den overordna ideologien og filosofien bak reforma. Av di denne nemninga dels har vore mykje omdiskutert og vorte oppfatta som dels svært verdiladd, dels som upresist, har nemninga dels vore skifta ut med og dels nytta parallelt med dei ekvivalente nemningane 'studiereform' og 'utdanningsreform'. Nemningane *studiereform* og *utdanningsreform* skal vera mindre verdiladde og meir semantisk presise enn nemninga kvalitetsreform.

Nemningane *evaluering*, *vurdering*, *fordjuping* og *emne* er polyseme, difor er institusjonelle semantiske presieringar som lista ovanfor representerer viktige. Kvalitetsreform fungerer dessutan i dag som eit namn, *Kvalitetsreforma*, medan studiereform og utdanningsreform fungerer som appellativ. Polysemiske tilhøve skapar ofte kommunikasjonsproblem, og er eit

viktig tema innom terminologiteorien (jfr. Malmgren 1992, Temmermann 1997). Idealet er ein kontekststuvhengig storleik. Ifylgje Riggs (1993:195f.) er fenomenet fagintern polysemi typisk for humanistiske og samfunnssvitskapelege fag, og grunnen er at ein stor del av nemningsinventaret er lån frå allmennspråket, og difor er det nesten uråd å unngå polysemi innom desse fagfelte. Skifter ein t.d. *evaluering* ut med *vurdering*, har ein ikkje gjort det polysemiske problemet særleg mindre.

Den semantiske uvissa som slik nemningsbruk har ført med seg, vart t.d. godt illustrert gjennom AU-sak 23/2003 og AU-sak 24/2003 av 23. mai 2003 ved Det historisk-filosofiske fakultetet i Bergen, då mest alle dei nye studieplanane på bachelor- og masternivå ved fakultetet vart returnerte til institutta for at planane skulle få ein heilskapleg nemningsbruk som var i tråd med dei reviderte nemningane.

## 7 Professor Marcus Jacob Monrad i sjokk sommaren 1857

Den endringsprosessen som den høgare utdanninga er inne i no og dei reaksjonane som denne prosessen skaper, ikkje minst dei nemningane som vert knytte til reforma, kan samanliknast med eit viktig regimeskifte innom den høgare utdanningssektoren midt på 1800-talet og den retorikken som var knytte til denne.

Midtsommars for 148 år sidan, i 1857, føreslo regjeringa å avskaffa den latinske stilen til examen artium. Framlegget skapte kraftige reaksjonar, ikkje minst frå Marcus Jacob Monrad (1816–97), professor i filosofi ved Det kongelege Fredriks universitet i Christiania. Betre vart det ikkje då Stortinget same hausten vedtok framlegget. Monrad gav uttrykk for frustrasjonane sine m.a. gjennom ein artikkelserie i *Morgenbladet* denne hausten. Serien var sett saman av seks anonyme artiklar med overskrifta «Universitets- og Skole-Anliggender, nærmest i Anledning af den latinske Stiils Ophævelse ved Examen Artium».

Monrad hadde tå hovudankepunkt mot framlegget. Det eine galdt tempoet i prosessen. Forslaget hadde kome overraskande. Alt før nokon hadde rokke å diskutera saka «til Bunds og i alle sine Enkeltheder», var den nye lova vedteken. Ei rekkje debattantar nådde likevel å få gitt uttrykk for innvendingane sine i løpet av nokre få sommar- og tidlege haustveker. Eit stort fleirtal av fagfolk og sakkunnige, dvs. lærarkollegia ved den lærde skulen og professorane ved universitetet, med stor støtte frå den lærde standen elles, var mot framlegget. Dette hjelpte likevel ikkje: Latinstilen vart fjerna.

Det andre hovudpunktet til Monrad var at staten hadde teke seg til rette og gjort universitetet og den lærde skulen umyndige på det som Monrad meinte er deira særskilte ansvars- og kompetanseområde. Regjeringa og Stortinget kan ikkje opptre som einevaldsherskarar. Det skjer berre i absolutistiske statar som Russland, heldt han fram. I eit liberalt samfunn med ein fri konstitusjon må både institusjonar og kommunar ha eit visst sjølvstende og eit faktisk sjølvstyre, skriv han, og legg lesarane på minne at ein sivilisert stat vil særleg visa respekt for dei innretningane som har eit høgare åndeleg føremål, slike som den høgare skulen, universitetet og kyrkja, «hvilke netop efter sin egentlige Bestemmelse ikke udelukkende skulle gaa op i og underordne sig det materielle og borgerlige Liv, men tillige paa dette udøve en ledende og opløftende Indflydelse».

Monrad representerte mottakarsida i 1857 som klagar over tapet av eit gode som vert teke bort. For Monrad var den nye situasjonen mindre god enn den gamle, og i tillegg vert avsendarane klandra for å vera overgripapar.

## 8 Nemningsutvikling – bakgrunn versus resultat

Det vil ta tid før den nye nemningsverda som er knytt til kvalitetsreforma er på plass, også i hovudtrekka, men strukturen er etter kvart nokså etablert. Likevel er vi framleis inne i ein viktig nemningsprosess. Nemningsprosessen reflekterer den utdanningsmessige og forskingsmessige prosessen, og dermed også verdiar, normer og haldningar knytte til kvalitetsreforma. Til dei verdiane, normene og haldningane som kvalitetsreforma representerer, har det blitt knytt mange retoriske kommentarar, og det er mange som har engasjert seg i retorikken i samband med innføringa og gjennomføringa av kvalitetsreformen.

Sjølve nemninga 'kvalitetsreform' er kanskje den som best samlar opp den retoriske interessa for reforma. Vi veit alle at reforma er motteken på svært ulike måtar. I starten var motstandarane nokså mange, jfr. t.d. arbeidet med moduisering, men etter kvart har mykje vorte akseptert – på svært stutt tid – utruleg nok. Det synest som om studentane er fornøgde, jamt over, medan dei involverte lærarane også ofte kan vera positive no, men overarbeidde (jfr. mappeevaluering og oppfølgingsarbeid).

Framleis er det likevel mange Monradar ikkje berre på lokalplanet, dvs. på institutt og avdelings- og senter-nivå, men òg høgare oppe i systemet. Nokre nyttar faktisk nesten den same retorikken som Monrad gjorde. På den andre sida er det mogleg å lesa *Stortingsmelding nr. 27 (2000–2001)* strukturelt retorisk slik at ho fell nær saman med oppbygginga av klassisk retorisk tekst (jfr. Linhardt 1987:50–99). Dette kan vi sjå ved å jamføra den klassiske retoriske strukturen med delane inventio, elocutio, dispositio og memoria, med hovudstrukturen i meldinga.

I alle fall er gjennomføringa av kvalitetsreforma eit svært godt døme på korleis ein på nært hald og over eit stutt tidsrom kan observera omfattande nemningsendringar. Her har vi ein heilt unik situasjon til å studera leksikologiske og terminologiske prosessar som leksikologar og terminologar ikkje burde gå glipp av. Etter ei tid vil vi truleg også sjå dei leksikografiske resultatane av nemningsprosessane.

Målsetjinga med reforma er at den høgare utdanninga skal verta dynamisk og fleksibel. Dette vert også reflektert gjennom den terminologiske sida ved saka. Og også nemningssida ved reforma vil koma til å endrast, justerast, omdefinierast – og kanskje også stabiliserast ein dag.

Eg vil slutta med ei oppmoding: Arkitektane bak reforma burde vera flinkare til å nå ut med sine terminologiske vurderingar, val og argument. Det saknar vi som jobbar i den høgare utdanningssektoren i dag. Dette er viktig nettopp av di endringspotensialet heile tida er så sterkt, – og kan få store praktiske konsekvensar.

## Litteratur

- Akselberg, Gunnstein 2002: «Kategorisering som prinsipp i namnegranskinga. Ei teoretisk-metodisk drøfting med utgangspunkt i onomastikonmodellen». I: Ainiala, Terhi og Peter Slotte (red.): *Agränsning av namnkategorier. Rapport från NORNA:s tjugonionde symposium på Svidja 20-22 april 2001*. 37-77. Tallinn: Kirkjas.
- Bergenholtz, Henning mfl. (red.) 1997: *Nordisk leksikografisk ordbok*, Oslo.
- Fjeld, Ruth Vatvedt (red.) 1992: *Nordiske studier i leksikografi. Rapport fra Konferanse om leksikografi i Norden 28.-31. mai 1991*, [Oslo].
- Linhardt, Jan 1987: *Retorik*. 2. opplag, København/Oslo.

- Malmgren, Sven-Göran 1992: «Om behandlingen av polysema ord i enspråkliga ordböcker». I: R. V. Fjeld (red.): *Nordiske studier i leksikografi. Rapport fra Konferanse om leksikografi i Norden 28.-31. mai 1991*, [Oslo], 137–43.
- Riggs, Fred 1993: «Social science terminology. Basic problems and proposed solutions». I: Sonneveld & Loening (eds): *Terminology. Applications in interdisciplinary communication*, Amsterdam-Philadelphia.
- Svensén, Bo 1987: *Handbok i leksikografi. Principer och metoder i ordboksarbetet*, Stockholm.
- Termmermann, Rita 1997: «Questioning the univocity ideal. The difference between socio-cognitive Terminology and tradition Terminology». *Hermes, Journal of Linguistics* 18. 51–90.

### Andre kjelder:

- Disiplinbaserte masterprogrammer av to års varighet. Studieplaner.* Det historisk-filosofiske fakultetet, Universitetet i Bergen. AU-sak 24/2003, 23.05.2003.
- Felleseklæringa*, Bologna, 19. juni 1999. Web-adresse: <http://odin.dep.no/ufd/norsk/utdanning/hogreutdanning/internasjonalt/045061-990004/index-dok000-b-f-a.html>
- Forskrift om grader og yrkesutdanninger, beskyttet tittel og normert studietid ved private høyskoler.* Utdannings- og forskningsdepartementet. 25.10.2002.
- Forskrift om krav til mastergrad.* Utdannings- og forskningsdepartementet. 02.07.2002.
- Kommunikéet*, Praha, mai 2001. Web-adresse: <http://odin.dep.no/ufd/norsk/utdanning/hogreutdanning/internasjonalt/045061-990004/index-dok000-b-f-a.html>
- Reglement for gradene bachelor og master ved Univetsitetet i Bergen vedtatt av Det akademiske kollegium 25.04.2002.* Det historisk-filosofiske fakultetet, Universitetet i Bergen.
- Reglement for gradsstudier ved Universitetet i Bergen (2003).* Web-adresse: <http://www.uib.no/kvalitetsreformen/student.htm>
- Stortingsmelding 27 (2000–2001). Gjør din plikt – Krev din rett. Kvalitetsreform av høere utdanning. Tilråding fra Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet av 9. mars 2001, godkjent i statsråd samme dag.* Elektronisk utgåve. HTML-versjon: GCSM AS. Web-adresse: <http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/stmeld/014001-040004/index-dok000-b-n-a.html>
- Studieplaner for bachelornivået, alle fag.* Det historisk-filosofiske fakultetet, Universitetet i Bergen. AU-sak 23/2003, 23.05.2003.

### Notar

1. Med nemningsutvikling meiner eg både innføring av nye nemningar, semantisk presisering av allmenne nemningar og bruk av tradisjonelle nemningar i nye kontekstar.
2. Kanskje burde arkitektane bak kvalitetsreforma ha knytt fagterminologar til arbeidet sitt både for å setja reformarbeidet inn eit større perspektiv og for å gjera terminologien som er knytt til reforma meir tenleg.

